



**Diskusjonen går i bygda om kor mange som eigentleg var til stades på Aktivitetsdagen 2011.**

**Etter konsultasjon med kulturkontoret fastslo uskedalen.no at talet var minst 700, men det har vi motteke reaksjonar på. Vi har fått høyra at det i alle fall var langt fleire enn 700.**

Anslaga varierer og har vori heilt oppe i 2.000, men dei fleste stoppar på 1.500.

Folk som har levd nokre år seier at dei aldri har opplevd så stort besøk under eit arrangement i Uskedalen, men andre hevdar det var fleire her under Uskedalsdgane. Dei som ligg høgast med anslaga peikar millom anna på kor mange som parkerte på jordet ved Sandavegen.

Ingen veit sikkert, for det var ingen som rekna. Men har du kvalifiserte synspunkt, må du berre skriva til oss. Ein ting kan vi alle vera einige omm: Det var ein vellukka og stor dag for Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen